

---

Saksnr: 2020/79423-1  
Saksbehandlar: Jone Engelsvold  
Dato: 18.12.2020

---

## FORREGION Vestland - eit fylkesdekkande prosjekt for å mobilisere til meir forskning i bedrifter

### Om FORREGION programmet og det nye prosjektet i Vestland fylke

Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) er Forskringsrådet sitt program for å styrke bedrifter si evne og vilje til meir bruk av forskning som verktøy i eige innovasjonsarbeide. FORREGION bygg på tidlegare VRI programmet som starta tilbake i 2007, og der både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune sidan starten har hatt eigne mobiliseringsprosjekt.

Nyleg er Vestland fylkeskommune etter søknad fått tilsegn om 6 millionar kroner i støtte frå Forskringsrådet til å gjennomføre mobiliseringsprosjektet FORREGION Vestland i 2021.

Prosjektet skal arbeide for meir bruk av forskning i næringslivet som gir innovasjon med bidrag til berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i Vestland fylke.

FORREGION Vestland er eit samarbeide mellom Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning og Vestland fylkeskommune.

### Gode verktøy som kan møte behov for meir bruk av forskning i næringslivet

Bedrifter i Vestland fylke nyttar ikkje forskning som verktøy i sine innovasjonsprosessar i den grad ein kan forvente gitt næringsstruktur og kunnskapsmiljø. Forregion Vestland skal bidra til ei endring av dette.

Med meir bruk av forskning skal bedriftene i Vestland fylke kunne auke nytten av naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å utvikle eit klimanøytralt, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv med fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. FORREGION Vestland er del av fylkeskommunen si langsiktig satsing på forskningsmobilisering, og tilbyr fleire verktøy til bedrifter:

**Kompetansemekling** vil vere hovudaktiviteten i prosjektet og er vesentleg i forhold til alle aktivitetane i FORREGION Vestland. Dette er ein gratis teneste for bedrifter.

Kompetansemeklaren kan bidra til å avklare behov for forskning som kan møte utfordringar eller utvikle innovasjonsidear hos bedrifter. Dei kan vidare hjelpe med å definere gode forskingsspmå og finne rett forskingsmiljø som bedrifter kan samarbeide med i eit mogeleg FoU prosjekt med finansiering frå Regionalt forskingsfond, Forskringsrådet, EU eller andre ordningar.

**Nettverksmøte** skal vere spissa slik at deltakarane saman arbeider med konkrete problemstillingar der forskning kan ha potensial for å løyse ut innovasjon og verdiskaping. I FORREGION Vestland ønskjer vi å samarbeide med næringshagar, inkubatorar, klynger og kunnskapsparke om slike nettverksmøte. Det er sett av midlar til å førebu, gjennomføre og følgje opp idear frå slike møte.

**Mobilitet** er ein aktivitet FORREGION Vestland ønskjer å bruke til hospitering frå bedrift til FoU-organisasjon eller «Forskar til låns» frå FoU-organisasjon til bedrift. Dette verktøyet gir høve for bedrifter til å inngå eit meir langsiktig og gjensidig fagleg samarbeid med eit forskingsmiljø. Verktøyet har vist seg særleg nyttig der forskaren sitt særlege kunnskapsområde knyter seg til konkrete problemstillingar eller produksjon i bedrifta. Slik kan begge partar få løpande nytte av ordninga.

**Forprosjekt** i FORREGION Vestland er tidleg fase prosjekt for bedrifter med liten eller ingen forskingserfaring. Støtte til forprosjekt har vist seg å fungere som ein viktig faktor i «forskingsstrappa», der bedriftene får høve til å avklare nokre første innleiande problemstillingar saman med forskar.

FORREGION Vestland skal arbeide for å redusere geografiske skiljeliner med omsyn til bruk av forskning i det nye fylket, og søke målretta involvering av aktørar med komplementær rolle og kompetanse knytt til økosystem for innovasjon.

Vestland fylkeskommune skal gjennomføre FORREGION Vestland i partnerskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Vestlandsforskning, som tek med seg mykje erfaring og høg kompetanse innan arbeid med mobilisering til forskning i bedrifter.

Det er venta slik verknad og effekt av FORREGION Vestland:

<b>Innsatsfaktor</b>	
Menneskelege ressursar og økonomiske midlar i FORREGION Vestland prosjektet	
<b>Produkt/teneste (leveranse) i 2021</b>	<b>Brukareffektar i bedrift i 2021</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- 200 unike enkeltbedrifter i kompetansemekling - 1:1 eller mindre grupper</li> <li>- 8 nettverksmøte i samarbeide med andre</li> <li>- 8 mobilitetsprosjekt</li> <li>- 10 FORREGION forprosjekt i forskingsumodne bedrifter.</li> <li>- 2 prosjektverkstader saman med regionansvarlege i Forskningsrådet og RFF Vestland</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bidratt til 20 forprosjekt/kvalifiseringssøknader frå bedrifter til RFF Vestland og Forskningsrådet</li> <li>- Bidratt til 10 søknader til ordninga «Innovasjonsprosjekt i næringslivet» (IPN) og andre hovudutlysingar i Forskningsrådet og RFF</li> <li>- Bidratt til 4 søknader til Horisont Europa.</li> <li>- Fleire kvinner deltek i forskingsbaserte innovasjonsprosessar i næringslivet</li> </ul>
<b>Samfunnseffekt</b>	
<p>Eit styrka økosystem for forskingsbasert innovasjon i Vestland fylke. Å kome nærare eit grønt skifte og berekraftig utvikling for bedrifter i Vestland fylke.</p>	

#### Om søknaden og prosjektperioden

Forskningsrådet lyste ut støtte til vidareføring av FORREGION arbeidet med midlar for 2021. Det er eit ønskje å vidareføre prosjektet ut over 2021 innan ramma av den etablerte partnerskapen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i oppdragsbrevet til Vestland fylkeskommune for 2021 meldt at Regjeringa vil overføre Mobiliseringsdelen av FORREGION- programmet til fylkeskommunane, som skal sjåast i samanheng med regionale forskingsfond (RFF). Regjeringa legg opp til at overføringa vert gjennomført frå 1. januar 2022, og vil legge fram forslag om oppgåveoverføringa i statsbudsjettet for 2022.

Søknaden frå Vestland fylkeskommune om FORREGION Vestland for 2021 fekk karakter 6, på ein skala frå 1-7, på alle kriterium og tilsegn om den sum det var søkt om.

Kopi av søknaden FORREGION Vestland med nærare informasjon om det planlagde prosjektarbeidet ligg ved saka som vedlegg.

#### Vedlegg

##### 1 Prosjektskildring FORREGION Vestland 2021